



Vinje kommune
Rådmannen



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
JANMY	2020/328	19856/2020	SA6	22.10.2020

Røldal Suldal Kraft (RSK) - konsesjonsfornyning - uttale frå Vinje kommune

Oversender Vinje kommunestyre si uttale i denne konsesjonssaka.

Med helsing

Jan Myrekrok
rådmann

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Saksframstilling og vedtak



--

Arkiv saknr:	2020/328
Løpenr.:	16698/2020
Arkivkode:	S05

Sakshandsamar: Jan Myrekrok | Lasse Mathisen

Røldal Suldal Kraft (RSK) - konsesjonsfornyning - uttale frå Vinje kommune

Vedlegg:

- 1 Røldal Suldal Kraft (RSK) - Revisjonskrav frå Suldal og Ullensvang
- 2 Hydro Konsesjonsfornyelse – 2022
- 3 Fagtema villrein

Bakgrunn:

Det blei gitt samtykke til utbygging av Røldal-Suldal i 1962. Denne konsesjonen utgår i 2022. Hydro Energi AS, som er operatør og majoritetseigar av anlegga, er i gang med ein prosess der målsettinga er å etablere eit eigarskap for anlegga som vil innebere at reguleringskonsesjonane kan gjerast om til ein tidsuavhengig konsesjon for det nye selskapet.

Suldal og Ullensvang krev no miljørevisjon, og skriv i si saksførebuing at dei ikkje vil risikere at alt arbeid som no er i gong blir sett til sides viss ein ny eigar kjem inn i selskapet, og at dei då om fleire år må krevje revisjon. Kommunane har eit behov for å forandre og ajourføre konsesjonen som blei gitt i ei tid då det ikkje blei stilt same miljøkrav ved utbygging som no. Dermed kan dei oppnå betre samsvar mellom vilkår i konsesjon og dagens lovverk og miljøstandarar. I dag er det t.d. vanleg at det blir pålagt minstevassføring ved ny kraftutbygging.

Denne konsesjonen er altså hovudsakleg eit tilhøve for Ullensvang og Suldal kommunar, men omfattar eigedomane *Langesæhalline* (92/43) og *Halsen Nordre* (103/2) i Vinje og eigedomen *Myrevæven* i Bykle. Eigedomane i Vinje grensar til Holmavatn på nordsida av vatnet. Hydro sin konsesjon på RSK og føreståande prosess har vore drøfta uformelt på møter mellom dei fire kommunane, men tidlegare Odda og Suldal har ikkje involvert Bykle eller Vinje i arbeidet med krava i konsesjonssaka.

Ullensvang og Suldal kommunar sendte inn sine innspel for eitt år sidan. Erfaringa frå slike prosessar er likevel at dei tek lang tid og at NVE tek imot innspel og justeringar undervegs. Denne saka tek difor føre seg krava frå grunneigarane i Vinje, og eventuelle merknader innsendte krav frå nabokommunar.

Vurdering:

Vinje si interesse i saka knyter seg særleg til åtkomst for grunneigarane og villreinforvalting, slik det også går fram av innspelet som er vedlagd saka.

Det er viktig for eigedomane i Vinje å ha tilgang på anleggsvegen frå Nesflaten til Holmavatn. Det same med høve for å setje ut båt. Dette er truleg ikkje noko stort problem då vegen er open berre ca 3 mnd i året pga sno, og det er først og fremst i vinterhalvåret at villreinen brukar området. At vegen i gjennomsnitt blir brukt 4 gongar per dag når den er open, vitner om ikkje alt for stor bruk. Samstundes vil det vere viktig å minimalisere bruken av vegen, og derfor fornuftig å innføre eitt nøkkelregime for alle brukarane.

Ein ser det som viktig å støtte etableringa av villreinovergangar i Holmavassåna, evt legge heile elva i tunell frå Holmavatn til Sandvatn.

Vidare er viktig å sjå på omlegging av vinterruta gjennom Holmavassåna biotopvern-område - legge den om, i forståing med brukarane, for å redusere risikoen for forstyrringar.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Vinje kommunestyre viser til vurderingane i saka og støttar kravet frå grunneigarar i Vinje om tilgang til anleggsvegen frå Nesflaten til Holmavatn, og peikar på at Villreinen sin bruk av området gjer at anleggsvegen ikkje har ein så markant barriereverknad som rapporten frå Norconsult hevdar.

Rådmannen, 22.09.20

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Formannskapet 01.10.2020:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Vinje kommunestyre viser til vurderingane i saka og støttar kravet frå grunneigarar i Vinje om tilgang til anleggsvegen frå Nesflaten til Holmavatn, og peikar på at Villreinen sin bruk av området gjer at anleggsvegen ikkje har ein så markant barriereverknad som rapporten frå Norconsult hevdar.

Saksordførar: Nils Ole Lien

Handsaming i Kommunestyret 15.10.2020:

Framlegget frå formannskapet blei samrøystes vedteke.

Vinje kommunestyre viser til vurderingane i saka og støttar kravet frå grunneigarar i Vinje om tilgang til anleggsvegen frå Nesflaten til Holmavatn, og peikar på at Villreinen sin bruk av området gjer at anleggsvegen ikkje har ein så markant barriereverknad som rapporten frå Norconsult hevdar.